

ÅRSMELDING 2017  
FOR  
AUSTEVOLL ELDRERÅD

Austevoll eldreråd vart oppretta ved vedtak i Austevoll kommunestyre 23.11.1989 sak 132/89

Elderådet er eit upartisk ubunde rådgjevande organ for dei kommunepolitiske styresmaktene.

I kommunestyresak 132/15 vart eldreådet samansett slik for valperioden 2015-2019. I same sak vart det vedteke at medlemmet ikkje skal ha personleg varamedlem men varamedlem i rekkjefølgje.

<b>Medlem</b>	<b>Varamedlem</b>
Bjørn Eirik Klepsvik	1. Oddvar Stangeland
Kirsten Taranger	2. Bjørg Njåstad
Edvard Johs. Stangeland	3. Magnus Fagerbakke
Inger Lomheim	4.Kari Mathisen
Arne Teisnes	5.Øystein Rabben

I konstituerande møte 16.11.15 varst Bjørn Eirik Klepsvik vart valgt til leiar og Kirsten Taranger vart gjenvalgt som nestleiar for rådet.

Eldrerådet har i 2017 hatt tilsaman 6 møter og har hatt 52 saker til førehaving. I tillegg har elderådet drøfta saker uformelt utan at det er gjort konkrete vedtak, spesielt under det faste punkt «politisk kvarter.

Elles har rådet, etter behov, invitert kommunalt tilsette i administrasjonen for å informera/orientera om kva som skjer til ei kvar tid i kommunen og om saker som har vore aktuelle for eldrerådet. Denne informasjonen har vore særst god og nyttig for eldrerådet.

Eldrerådet har også stilt spørsmål direkte til kommunestyret - politisk kvarter - via medlem Edvard J.Stangeland som også er medlem i kommunestyret. Svara vert refererte i neste møte i rådet.

Medlem Inger Lomheim og Arne Teisnes var på kurs i eldreårsarbeid i Melsomvik i slutten av januar Leiar Bjørn Eirik Klepsik og varamedlem Oddvar Stangeland deltok på 2 dagarkurs/konferanse i eldrerårsarbeid 07-08.11. i Bergen.

I tillegg var medlem Inger Lomheim på dialogmøte «Leva hele livet» 20.06. i Bergen.

Elderådet har også vore på omvisning ved Austevoll Po-senter der det bl.a var møte med leiinga.

17 oktober fekk eldreådet føredrag frå Pensjonistforbundet om velferdsteknologi.

Anita J Bjørkelund frå helseservicekontoret og Norunn Storebø ved servicekontoret var sekretær for rådet i 2017,

Av viktige saker eldrerådet har hatt føre i 2017 kan nemnast:

- høyring om endringa av valkrinsar
  - strategisk plan for eldreomsorga/styringsgruppe
  - ernæring og fysisk aktivitet hos bebuarar ved Austevoll Po-senter
  - eldresenter/aktivitethus/frivilligsatsing/frivilligsatsing
  - kyrkjebygg og kyrkjeegardar - kolerakyrkjegarden på Kalve
  - budsejtt og økonomiplan 2018 – 2021
  - finansforvaltning - status
  - evaluering av konkurranseutsetjing - pleie og omsorgstenestene
- 
- Dialogmøte – leva heile livet
  - Folkebibliotek og eldres digitale deltaking
  - Overbelegg på sjukeheim
  - Legemiddelhandtering hos brukarar av heimesjukepleia og i institusjon
  - Omsorgsbustader ved sjøfronten på Storebø
  - Austevoll folkebibliotek, utviding av lokale, leigekontrakt og innreiing
  - Opptappingsplan for rehabilitering og habiliteirng i Austvoll kommune/styringsgruppe
  - Eit nytt og moderne folkebibliotek og kulturarena – finansiering av innreiing og utstyr
  - Rusmiddelpolitisk handlingsplan, rullering 2017-2021